

Avsender: Bømlo kommune  
Leirdalen 1  
5430 Bremnes



45056-620-17

Fylkestannlegen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**VIDAREFØRING AV TANNKLINIKK PÅ LANGEVÅG**

U&VH/24/15 03550000-13ee-4420-aU9c-8cZ7141d693.1



Vår saksbehandlar:  
Geir Ebbesvik Aga

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 54

Vår dato:  
26.04.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
2008/1972-5813/2018  
Dykkar referanse:

Fylkestannlegen

Postboks 7900  
5020 BERGEN

## VIDAREFØRING AV TANNKLINIKK PÅ LANGEVÅG

Vi viser til brev dagsett 2. januar 2018 og til våre samtale.

I brevet frå dykk blir det vist til klinikkstrukturplan for 2015-2030 vedteke i Fylkestinget 8. mars 2016.

I vedtaket står det at 5 klinikker, mellom anna klinikken på Langevåg skulle vurderast når kommunestruktur og oppgåvedeling var avklart.

Det blir ingen endringer for Bømlo kommune. Det blir heller ingen endringer i Sunnhordland.

Sjølv om Bømlo kommune ikkje nødvendigvis synes det er relevant å trekke inn kommunestruktur når ein snakkar om ein klinikk som har eit tydeleg nedslagsfelt uavhengig av kommunestruktur, vil kommunen berre gjenta den høyringsuttale vi hadde når heile Klinikkstrukturplanen var oppe til handsaming i 2016.

Vi gav då slik uttale:

*Bømlo kommune hadde denne saka oppe i kommunestyret 3. november 2014 – sak PS 97/14.*

*Kommunestyret gjorde slikt samrøystes vedtak til høyringsuttale:*

- 1. Kommunen går imot framlegg til ny klinikkstruktur for Bømlo kommune, som vil føre til nedlegging av Langevåg tannhelseklinikk.*
- 2. Kommunen kan ikkje sjå at ei slik nedlegging er i samsvar med samarbeidsavtalen om tannhelse mellom Hordaland fylkeskommune og Bømlo kommune, inngått i 2013.*
- 3. Bømlo kommune ber fylkeskommunen vurdere t.d. offentleg privat samarbeid med tannlegar i privat praksis på Bømlo, som eit tiltak for å sikre stabil og god tannhelseteneste.*

*I drøftinga i kommunestyret vart det spesielt uttalt at den nye strukturen/planen i altfor liten grad tek omsyn til dei ulemper brukarar i delar av Bømlo vil oppleve dersom ein slik strukturplan vert realisert.*

Seinare er det gitt uttale om «Forskrift om dekking av skysstgifter...» Her går det klart fram at det vert dyrare å vere utkant i Hordaland fylkeskommune sitt tannhelsetilbod.

Formannskapet hadde då slik samrøystes uttale - Sak KS PS 07/18:

*Dette høyringsframlegget synleggjer at personar som må reise ofte og langt til tannlege kan få relativt høge reiseutgifter for å sikre oppfølging av si tannhelse. Dette indikerer trongen for ein desentralisert klinikkstruktur og at klinikkar i utkantar bør vidareførast.*

1. *For Bømlo sin del forsterkar dette ytterlegare trongen for å vidareføre klinikken på Langevåg.*
1. *I framlegget går det no ikkje fram om barn under 10 år skal betale eigendel. Bømlo kommune kan ikkje akseptere at denne friordninga vert teke vekk. Alle barn i grunnskulealder bør sleppe eigendel.*
1. *For dei gruppene kor det skal vere eigendel bør denne setjast vesentleg lågare enn kr 1000,-Den bør ikkje setjast høgare enn kr 500,-.*

I møtet som vart avvikla tidlegare i vinter fekk vi nyttig informasjon om status for kundegrnlaget for denne klinikken. Her er eit klart kundegrnlag i dei prioriterte gruppene og opp mot alle ulempene, som v har skissert, vil vi sterkt be om at denne klinikken blir vidareført.

Med helsing  
Bømlo kommune

Geir Ebbesvik Aga  
Rådmann

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*